



	Førebels
<p style="text-align: center;"><b>FØREMELD INSPEKSJON ved</b> <b>Svanøy Havbruk</b> <b>Lokalitet 11810 Marøysundet II</b> <b>i Flora kommune</b></p>	<p style="text-align: center;"><b>RAPPORT</b></p>

<b>Verksemda si adresse:</b>	6914 Svanøybukt	<b>Arkivkode:</b>	08/4984, 542.1
<b>Lovverk:</b>	Ureiningslova med forskrifter	<b>Tidsrom for kontrollen:</b>	11.11.2008
<b>FMVA si kontrollgruppe:</b>	Gunn Helen Henne	<b>Kontaktpersonar i verksemda:</b>	Ola Sveen
<b>evt. anna kontrollgruppe:</b>	Fiskeridirektoratet, Mattilsynet	<b>Risikoklasse:</b>	(ikkje fastsett)

#### Innhald i rapporten:

Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart avdekka innan dei kontrollerte områda. Kontrollen omfatta følgjande hovudtema: verksemda si oppbygging og utøving av internkontroll i høve helse-, miljø- og tryggleiksaktivitetar som gjeld ytre miljø (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall), produksjons-/forbruksavfall, farleg avfall og risikovurdering/beredskap.

#### Hovudkonklusjonar:

Fylkesmannen avdekka 3 avvik, og har gjeve ingen merknader ved kontrollen. (Avvik og merknad er definert på neste side.)

- **Avvik 1:** Verksemda har mangelfull internkontroll som gjeld ytre miljø
- **Avvik 2:** Verksemda sine utslepp til sjø er ikkje i samsvar med vilkår i løyve.
- **Avvik 3:** Verksemda si handtering av farleg avfall er ikkje i samsvar med krav.

Utarbeidd dato: 16.12.2008

For FMVA:

Gunn Helen Henne

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll den 11.11.2008 ved Svanøy Havbruk sitt settefiskanlegg på lokaliteten Marøysundet II i Flora kommune. Kontrollen inngår som ein del den ordinære kontrollaktiviteten som fylkesmannen si miljøvernavdeling i Sogn og Fjordane har planlagt for dette året.

Målet med kontrollen var å vurdere om krav i utsleppsløyve og ureiningslova med forskrifter vert stetta.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju og inspeksjon av anlegget. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt arbeide for å avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar:

<p><b>AVVIK</b> vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)</p>
---

<p><b>MERKNAD</b> er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)</p>
--

## 2. Dokumentgrunnlag

Dokumentgrunnlaget for kontrollen var:

- Ureiningslova med forskrifter
- Utsleppsløyve dagsett 2.10.1989.
- Verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta, og tilhøve som har verknad for helse, miljø og tryggleik

### 3. Avvik

Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under kontrollen:

---

#### Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll som gjeld ytre miljø

---

**Avvik frå:** Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften), § 5, andre ledd, punkt 4 og 7.

**Kommentar:**

**Verksemda sine mål i høve til ytre miljø kunne vore betre, jf. § 5, andre ledd, pkt.4.**

Verksemda har sett seg gode mål når det gjeld fiskehelse, tap og rømming. Måla som gjeld ytre miljø er generelt sett rundt formulert og lite målbare. Vi saknar konkrete og etterprøvbare målsetningar om t.d. avfall, utslepp til sjø, kjemikaliebruk og fôrforbruk.

**Verksemda sitt avvikssystem er ikkje tatt i systematisk bruk, jf. § 5, andre ledd, pkt.7.**

Verksemda har eit avvikssystem, men bruken og oppfølginga av systemet er ikkje systematisk. Avvika blir notert på lause lappar, som så skal førast inn i dagboka. Det er ikkje lagt opp til at avvika blir sett på samla (t.d. ved intern eller ekstern gjennomgang av internkontrollen), og den vidare oppfølginga av kvart enkelt avvik vert ikkje skriftleg dokumentert. Det var ikkje eksempel på bruk av avvikssystemet for avvik som gjeld ytre miljø. Verksemda har t.d. hatt utslepp som er større enn det utsleppsløyvet tillet i 2008 (sjå avvik 2), dette er ikkje fanga opp som eit avvik i IK-systemet. Avvikssystemet må takast i meir systematisk bruk for å kunne fungere tilfredsstillande i høve til kravet om å kunne avdekke, rette opp og forebygge brot på krav.

**Verksemda har ikkje rutine for substitusjonsvurderingar av kjemikalier, jf. § 5, andre ledd, pkt.7.**

Verksemda har ikkje samla oversikt over mengder kjemikalier som er i bruk, og det er ikkje dokumenterte rutinar for systematisk gjennomgang og vurdering av om kjemikalia kan bytast med mindre miljøskadelege produkt. Alle verksemder som bruker produkt som kan medføre skade for helse og miljø, skal vurdere om det er mogleg å erstatte dette med produkt som er mindre skadelege, jf. produktkontrollova § 3a.

---

#### Avvik 2: Verksemda sine utslepp til sjø er ikkje i samsvar med vilkår i løyve.

---

**Avvik frå:** Utsleppsløyve etter ureiningslova, dagsett 2.10.1989, vilkåret om produksjonsavgrensing (Utsleppsavgrensingar), og vilkåret om utsleppspunkt (Anlegg på land).

**Kommentar:**

**Verksemda har hatt overutslepp i 2008.**

Utsleppsløyvet er gjeve med vilkår om produksjonsavgrensing på 120 000 setjefisk av laks og aure, rekna til å tilsvare 6 tonn biomasse per år. I utsleppssamanheng er det biomassen som er av størst betydning, ikkje talet på fisk. Verksemda sin produksjon har i 2008 vore vesentleg større enn det produksjonsavgrensinga i utsleppsløyvet gjev rom for.

**Verksemda har ikkje etablert utsleppspunkt i samsvar med utsleppsløyvet.**

Utsleppsløyvet har sett krav om utslepp på djupt vatn i Brufjorden. Avløpsvatnet frå anlegget har vore leia til opphavleg bestemt utsleppspunkt tidlegare, men vert i dag sleppt ut like under overflata inne ved anlegget. Verksemda fyller såleis ikkje kravet som er sett til utsleppspunkt i løyvet.

---

**Avvik 3: Verksemda si handtering av farleg avfall er ikkje i samsvar med krav.**

---

**Avvik frå:** Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), §§ 11-8 og 11-12.

**Kommentar:**

**Verksemda kan ikkje dokumentere at leveringsplikta for farleg avfall er oppfylt, jf. avfallsforskrifta § 11-8, og verksemda har ikkje fylt ut deklarasjonsskjema ved levering av farleg avfall, jf. avfallsforskrifta § 11-12.**

Farleg avfall som t.d. målingsrestar, utrangerte batteri og kjemikalierestar vert levert til kommunen sin miljøstasjon eller apotek. Det vert ikkje fylt ut deklarasjonsskjema eller annan form for kvittering på at avfallet er levert, og det kan såleis ikkje dokumenterast at avfall ikkje blir lagra lenger enn eitt år på anlegget. Avfallsforskrifta set krav om årleg levering til godkjent mottakar, når ein har mengder på over 1 kg farleg avfall. Ved framtidig levering må verksemda sørge for at leverte avfallsmengder vert dokumentert ved utfylling av deklarasjonsskjema.

#### **4. Merknader**

Fylkesmannen gav ingen merknader under kontrollen.

#### **5. Andre tilhøve**

Verksemda har planar om å bygge reinseanlegg for utsleppa frå anlegget.

#### **6. Varsel om gebyrbetaling for kontrollen**

Etter kapittel 39 i forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) skal det betalast gebyr til statskassa for fylkesmannen sitt arbeid med kontrollar etter ureiningslova. Gebyrsatsar for kontroll i verksemdar med løyve er vist i § 39-6, og er knytt til verksemda sin risikoklasse. Setjefiskanlegget på lokaliteten Marøysundet II er førebels ikkje plassert i risikoklasse, og skal difor betale lågaste sats, **kr 4 100**. Varsel om gebyrbetaling vart også gjeve munnleg på kontrollen.

De har høve til å kommentere dette varselet innan 5.1.2009.

Vedtak om gebyrsats blir derettergjort av Fylkesmannen, mens det er SFT som står for innkrevjing av gebyret. Gebyrsatsen vil kunne påklagast.